

## Utbygginga av vindkraft på land er ikkje akseptabel

Den storstilte vindkraftutbygginga som har skjedd dei siste 10 åra, har store negative konsekvensar for uberørt natur, friluftsliv og dyre- og planteliv. Natur- og klimakrisa løysast ikkje ved å rasere natur og artsmangfald.

Fossil energibruk skal fasast ut dei neste 20 åra. Det er mogeleg dersom med satsar stort på energisparing og energieffektivisering. I tillegg må me oppgradera eksisterande vasskraftverk, og ta i bruk meir solenergi og biogass. Havvind kan vere aktuelt så lenge det ikkje kjem i konflikt med fiskeri og viktige naturverdiar. Noreg treng ein helheitleg plan for korleis ein skal dekke energibehovet ved utfasinga av fossil energi.

Utbygginga av vindkraft på land er uakseptabel. Den lokale motstanden blir ikkje lagt vekt på og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ved fleire høve overstyrt lokale avgjerder. Det er sterkt kritikkverdig at NVE tillet bygging av vindkraftindustri uten at det ligg føre akseptable konsekvensutgreiingar.

Naturvernforbundet seier nei til meir vindkraft på land. Gitte konsesjonar må trekkast tilbake der bygging ikkje er sett i gang eller vilkåra i konsesjonen ikkje blir oppfylt. Konsesjonar blir fleire stader endra undervegs utan at det er stilt krav til skikkelege undersøkingar og utan at det blir tatt omsyn til naturfaglege råd. Energilova opnar for at konsesjonar kan gjerast om, både ut frå "allmenne interesser" og når konsesjon er gitt på grunnlag av "uriktige eller ufullstendige opplysningar om forhold av vesentleg betydning".

Naturvernforbundet meiner difor at konsesjonar som blir vesentleg endra blir trekt tilbake.